



NORSK

osloBIENNALEN FØRSTE UTGAVE 2019-2024 har invitert skribenter fra ulike disipliner – kunst, arkitektur, historie, teater, performance, og litteratur – til å gi sine lesninger av den første bolken med 16 prosjekter og kontekstene de er del av. Essayene ble bestilt og skrevet i forkant av at prosjektene ble realisert.

Frøydis Århus er invitert til å skrive om prosjektet til **Mette Edvardsen** for osloBIENNALEN FØRSTE UTGAVE 2019-2024. Århus er teaterviter, kritiker og skribent.

Mette Edvardsen (1970, Norge) har jobbet med og i det utøvende kunstfeltet som danser, koreograf, og kunstner for en rekke kompanier, og under eget navn siden 1996. Edvardsens arbeider omfatter forestillinger, bøker, video, tekst og publikasjon. Hun har særlig jobbet med forholdet mellom utøvende kunst som prosess og som situasjon. I 2015 ble kunstnerskapet hennes presentert gjennom et retrospektivt program på Black Box teater i Oslo. I 2010 startet hun prosjektet Time has fallen asleep in the afternoon sunshine. Tittelen refererer til et sitat fra Ray Bradburys roman Fahrenheit 451, og prosjektet dreier seg om memorering som praksis og prosess.

Et utvalg levende bøker fra dette prosjektet bli presentert som del av osloBIENNALEN FØRSTE UTGAVE 2019-2024.



NORSK

Som del av **osloBIENNALEN FØRSTE UTGAVE 2019-2024** har kuratorene Eva González-Sancho Bodero og Per Gunnar Eeg-Tverbakk utviklet en egen infrastruktur for å etablere og driftet et femårig kunstprogram der en rekke deltakere inviteres til å arbeide med byen og det offentlige rom. I løpet av femårs-perioden vil biennalen utvikle seg og vokse, etterhvert som nye deltakere og prosjekter legges til. **osloBIENNALEN** er et resultat av et toårig eksperimentelt og forskningsbasert forprosjekt, **OSLO PILOT**.

osloBIENNALEN er initiert og finansiert av Oslo Kommune, Kulturetaten.

Frøydis Århus

Immateriell litteratur

Bøker vert lesne for at ein skal hugse, og skrivne for at ein skal gløyme. Mette Edvardsens *Time has fallen asleep in the afternoon sunshine* er eit prosjekt som tillet oss å vende om på dette. Her vert bøker hugsa for å kunne lese og gjenskrivne for å sjå korleis ein har gløymt.

I *Time has fallen asleep in the afternoon sunshine* har ei gruppe utøvarar memorert ei sjølvvald bok. Saman utgjer utøvarane ei biblioteksamling av levande bøker. Bøkene går omkring i rommet, dei sit i stolar, les i papirbøkene på hyllene, pratar saman, ser ut av vindauge, klare til å møte lesarane sine. Gjestane vel ei bok dei har lyst til å lese, og boka tek lesaren med til ein ledig krok eller ut i friluft medan dei resiterer frå innhaldet i boka.

Dersom du skulle lære deg ei heil eller delar av ei bok utanåt, ei som skulle verte ein del av minnet ditt, kva ville du valt? Språkleg sett kling det å lære ei bok utanåt meir poetisk gjennom det engelske «learning by heart». Reint praktisk er dette likevel ei oppgåve for hjernen og minnet. Likefullt er sjølve valet, det å forplikte seg til å lære ei bok som kjem til å vere med deg, meir eller mindre for resten av livet, eit val ein gjer med visse innspel frå hjartet. Det å kunne lære ei heil bok avheng både av personlege evner og omfanget til boka ein vel. Ein kan i teorien velje seg Marcel Proust med *På sporet av den tapte tid*, eit verk på 7 bøker og over 3000 sider, eller verdas kortaste roman, *The Dinosaur* av Augusto Monterroso. Denne går i sin fulle lengde slik: «When he woke up, the dinosaur was still there.» Tidsaspektet ved å lære desse to romanane utanåt er nokså ulikt.

Det å lære utanåt er ein kontinuerleg syssel. Det finst ikkje noko endeleg eller materielt å vinne, og resultatet er ikkje mogleg å omsetje som vare. Det er såleis noko utopisk over ein slik praksis. Sidan kunstprosjektet starta i 2010, har Mette Edvardsen invitert personar til å memorere bøker for seinare å formidle dei til publikum gjennom ei rekke arrangement i bibliotek verda over.

Ideen skriv seg frå Ray Bradbury sin roman *Fahrenheit 451* om ei gruppe menneske som på grunn av sensur ser seg nøydde til å redde kunnskap ved å lære seg bøker utanåt. *Time has fallen asleep in the afternoon sunshine* er som i eit offentleg bibliotek, tilgjengeleg for alle som vil komme å lese.

«Time has fallen asleep in the afternoon sunshine» var setninga som fekk romanfiguren Guy Montag, hovudpersonen frå *Fahrenheit 451*, til å stoppe opp og stille spørsmål. Romanen er ein framtidsdystopi, ei bok i science fiction-sjangeren om eit samfunn i djup krise der myndighetene forbyr folket å lese bøker. Montag lever i ei tid der innbyggjarane si kollektive lukke skal oppnåast gjennom fråvær av ytre intellektuell stimuli, kunnskap og individuell tenking. Montag er brannmann, og jobben hans er å brenne ulovlege bøker. Han fylgjer ordrane han får, og han kan lesast som eit bilet på pragmatisme og ignoranse i møte med, eller som produkt av, eit fascistisk regime.

«Time has fallen asleep in the afternoon sunshine» er eit sitat frå boka *Dreamthorp: A Book of Essays Written in the Country* av den skotske forfattaren Alexander Smith. Denne boka er, i tillegg til å vere ei hyllest til naturen, ei undersøking av relasjonen mellom forfattaren og den som les. Smith tek tak i ideen om at det finst eit uhandgripeleg, men intimt og nært band mellom avsendaren og mottakaren av all litteratur. Det er denne setninga, «Time has fallen asleep in the afternoon sunshine», som vekkjer noko i Montag, brannmannen som ikkje er tilsett for å sløkkje, men for å starte brann. Den enkle linja openberrar seg for brannmannen rett før flammene sluker boka. Dette får han til å stille spørsmål ved si eiga rolle i regimet, og på eit meir personleg og eksistensielt plan, om han eigentleg gjer det beste ut av livet sitt. Det er som om han kjenner ein slags irrasjonell sympati med boka, dette daude objektet som i all enkelheit ber oss om å nytte den verdifulle tida vi har vorte tildelt. Tittelen *Fahrenheit 451* refererer til temperaturpunktet som får papir til å byrje å brenne. I forteljinga om Montag kan det også tolkast som punktet der sjølvkritikken slår inn og Montag spør seg kva han eigentleg held på med. Dette er ikkje berre ei systemkritisk bok, men også ei bok som oppfordrar til å reflektere over tida og vår eigen eksistens.

Det å lese er ein einsam praksis. Biletkunsten kan opplevast kollektivt. Scenekunsten vender seg til publikumet sitt, og musikken og filmen let oss sympatisk nok velje om vi vil vere saman eller åleine om kunstopplevinga. Berre bøkene insisterer på einsemda, ved å innlemme berre ein og ein av oss av gongen. Litteraturens negasjon av kollektivet er nådelaus, og bøkene vil alltid krevje tid og merksemd i byte mot innhaldet. Litteraturens utilgjengelege natur gjer at han står i hierarkisk særstilling som noko opphøgd. *Time has fallen asleep in the afternoon sunshine* speler som idé og kunstprosjekt mellom anna på den implisitte eksklusiviteten i litteraturen, då lesinga går føre seg ein til ein, i møte mellom to individ. Samstundes vil denne situasjonen også bære med seg eit element av det performative og såleis nærme seg meir kollektive kunstformer.

Gjennom å lære seg innhaldet utanåt har dei menneskelege, immaterielle bøkene teke makta frå boka som objekt og frigjort lesaren. Boka vert løyst frå sin fysiske funksjon, og innhaldet er prisgitt den munnlege overleveringa. Tidsaspektet ved ein slik praksis er om mogleg langt meir ekstremt enn ved å lese. Det nærmar seg det irrasjonelle, men opnar, slik tittelen på prosjektet insinuerer, opp for ei anna oppleveling av tid.

På noverande tidspunkt finst det over 80 bøker som meir eller mindre ordrett svevar omkring i minnet til dei som har memorert dei. Prosjektet har vorte gjennomført ved bibliotek fleire stader i verda. På stadene der engelsk ikkje er hovudspråket, har behovet for lokale bøker tvinga seg fram. Dei levande bøkene finst difor på til dømes tysk, italiensk, arabisk, engelsk, norsk, fransk og nederlandsk. Nokre finst på originalspråket, andre i omsetjing. Alle er handplukka av den som memorerer, fritt og utan føringar. Nokre av personane som har memorert, har etter kvart også skrive ned boka si, slik ho eksisterer i minnet deira. Denne samlinga, med undertittelen *Rewriting*, tel i dag 9 utgåver. Desse gjenskrivne tekstane er variasjonar over originalbøkene, filtrert gjennom den selektive hukommelsen som trekkjer frå, og den autonome fantasien som legg til eller erstattar. *Second generation* er ei anna forgreining av prosjektet som også byggjer på overlevering, berre i munnleg form frå ei levande bok til ein lesar som vil lære å memorere boka. Det finst mange bøker som har vore viktige i valprosessane. Nokre av desse vart vurderte for memorering, og andre er bøker som kanskje skal læra i framtida, eller som på andre måtar står i relasjon til dei valde bøkene.

Desse er samla i eit eige skuggebibliotek, eller *Shadow Library*. I åra som har gått sidan prosjektet starta i 2010, har Edvardsen også invitert skribentar, kunstnarar, teoretikarar og akademikarar til å skrive om prosjektet. Nokre av desse tekstane er samla i utgjevinga *Afternoon Editions*, og andre vil komme ut i ein ny publikasjon som vil vere tilgjengeleg under biennalen.

I den vesle verda av immateriell litteratur som i dag utgjer omlag 80 levande bøker, finn vi lag på lag av oppdikta og historiske figurar og litterære storleikar. I samlinga finn vi *Bartleby, the Scrivener*, kopisten som nekta å kopiere, skapt av Hermann Melville. Vi finn også Goethe og historia om *Faust*, han som nektar å innsjå eigne grenser som menneske, og som difor let seg freiste til å bytehandle med djevelen. Ein namnlaus katt finst også i samlinga. Katten er skapt av den japanske forfattaren Natsume Sōseki og vart hans talerør i romanen *I am a Cat* for å skildre den øvre mellomklassen i Japan under Meiji-perioden. Vi finn også ein annan namnlaus protagonist, den 15 år gamle jenta frå *Elskeren* av Marguerite Duras, som fortel om kjærleik i Indokina. Erika frå *Pianolærerinnen* av Elfriede Jelinek skildrar korleis det er å vere kua av si eiga mor, og Gabreel og Saladin frå *Sataniske vers* av Salman Rushdie skildrar migrasjon og identitet. Frå den fyrste boka kom til i 2010 og fram til i dag, har det gått 9 år. I dag er også den før omtalte Guy Montag frå *Fahrenheit 451* ein del av samlinga. Forteljarane frå bøkene, oppdikta eller historiske, er ein mangfaldig og snodig gjeng som lever farleg der i minnet. Det å lære bøker utanåt er sisyposarbeid. Når ein har lært seg sjette kapittel, er tredje kapittel i ferd med å bleikne frå minnet. Utan kontinuerleg vedlikehald vil nyansane verte borte. Med nyansane forsvinn intensjonen, med den motivasjonen, og seint men sikkert vil historia kollapse før ho heilt forsvinn frå minnet.

Oslobiennalen sin første utgave har gitt *Time has fallen asleep in the afternoon sunshine* høve til å slå rot for ein lengre periode. I biennalen sine lokale i Myntgata vil det alltid vere eit sirkulerande utval bøker til stades for at du, eg og dei som måtte komme innom, skal få møte verds litteraturen og kanskje også tida på ein ny måte.